



DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

E.V.S.J

170071

Kviteseid kommune  
Bjørn Johansson  
3850 Kviteseid

Avskrevet

Deres ref

Vår ref  
99/04713 K BHO

Dato  
24. november 1999

- 002

**SPØRSMÅL OM UNDERSØKINGSFRIST**

Vi viser til Dykkar brev av 12. november 1999.

Hovudregelen er at ei undersøking etter barnevernlova § 4-3 skal gjennomførast snarast, og seinast innan tre månader, jf. barnevernlova § 6-9 fyrste ledd fyrste punktum. Berre i særlege tilfelle kan fristen vere seks månader, jf. barnevernlova § 6-9 fyrste ledd andre punktum.

Etter departementet sitt syn vil ei utsetting av fristen til seks månader mellom anna vere aktuelt i saker som er av ein slik karakter at det er behov for ei særleg omfattande og tidkrevjande undersøking som ikkje lar seg gjennomføre innan tre månader. Stor arbeidsmengde på sosialkontoret kan neppe vere ei god nok grunn for å utvide fristen. Meir presise kriterium enn dette kan ein vanskeleg oppstille på generelt grunnlag. Kvar sak må ein vurdere individuelt og konkret.

Med helsing

  
Tone G. Smith (e. f.)

  
Beate Holter

Postadresse  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Akersgt. 59

Telefon - sentralbord  
22 24 90 90 / 22 24 26 01  
Org. nr.:  
972 417 793

Barne-og ungdomsavdelinga  
Telefaks:  
22 24 27 19

Saksbehandler  
Beate Holter  
22 24 26 27